


Stygg strek i elva

02.08.2014



- Eg reknar med at dette er ein stygg gutestrek, seier ein dansk turist etter dagens fisketur i Uskedalselva. Då han kom til Djupehølen for å starta fisket klokka 06 fann han ei scene som var spent over heile elva og det var montert 9 krokjar på den. Dansken er ein stor patriot når det gjeld å fiska i vår elv og rapporterte omgåande observasjonen via nettsida til elveigarlaget. Om det skal gjerast noko meir med saka vert det opp til laget å avgjera.

Dansken tør ikkje tenkje på konsekvensane hvis nokre fiskar hadde gått på krokane.

Han har no vore på minst 30 fiskeferier i Uskedalen, men har så langt ikkje opplevd ein strek som dette. Den tvilsamme fiskereidskapen er fotografert her.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Privat